

*Ute av syne, ute av sinn
Sjøen som avfallslass for gruvenæringsa*



Gruveslambanken i Langfjorden, Sør Varanger. 2010

Foto: Jon Aronsen

Levende kyst – levende fjord 29.01.2015 Mads Løkeland

www.naturvernforbundet.no

 **Naturvernforbundet**
Luonddugáhttenlihttu

100 mill. til gulljakt

Mineralforekomster verdt 1500 milliarder kroner er allerede kjent. Nå får NGU 100 millioner til å lete etter mineraler og metaller i norsk berggrunn.

Statsbudsjettet

– Gud visste hva han gjorde da han lagde Norge, gliser næringsminister Trond Giske (Ap) og ser ut over Skandinavia-kartet. Om 10–15 år kan det norske oljevennynettet avlases av en gullalder – høksuvelig talt.

Oppdagede verdier
Sverige, Finland og Russland har store forekomster av mineraler og metaller. Geologene hos Norges geologiske undersøkelse (NGU) på Lade i Trondheim, mener de er all grunn til å tro at Norge har tilsvarende verdier. De er bare ikke funnet og kartlagt ennå. Det skal det bli forandring på.

Regjeringen gir NGU 100 millioner kroner ekstra over



ning. Ved å fly over og male blant annet magnetisme, kan der dannelses et bilde av hvilke mineraler som finnes innad 400 meter under bakken.

Nå mener næringsministeren at siden er inne for å beregne grunnen for nye, norske råstoffevennetyr når det soner gullet engang når slutt.

– Kina er i ferd med å posisjonere seg verden over, for å ha tilgang på råstoffet. De har allerede begynt å forholde seg selv retten til viktige industrivarer. EU:s strategi er å bli mer selvstyrst, og da rene blikket nordover hvor det er mindre utbygd enn ellers i Europa. Vi har en fantastisk posisjon i en tid nye, økende råvarepriser gjør denne mer lønnsomt, sier Giske.

Enorme verdier

Allerede kjente forekomster kan få det til å blinke i synene på flere enn næringsministeren: i 2013 startet utvinningen av kobber i Kvalsund, hvor gruveselskapet Nussir har anslut verdier på 35 milliarder kroner. Den unøye verdien av de kjente norske mineralforekomstene anslår



Skatten: Gull og kobber mineralisert i albittfels fra Bidjovagge gull- og kobberforekomst i Finnmark. Foto: Jan Sverre Sandstad/NGU

Mineralforekomster verdt 1500 milliarder kroner er allerede kjent. Nå får NGU 100 millioner til å lete etter mineraler og metaller i norsk berggrunn.

Nå starter skattejakten!

Trond Giske,
næringsminister (Ap)



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Behov for alle gruver?

Noko å hugse på:

- Forbruket vårt tilsvarer 2 – 3 gongar jordas ressursar
- Forbruket må kraftig ned
- Gruver er drift på ikkje-fornybare ressursar
- Også komande generasjonar treng metall og mineral (og fungerande natur og godt miljø)


Behovet for nye gruver må bli vurdert mot denne bakgrunnen i eit samfunnsmessig og langsiktig ressurs- og miljøperspektiv

Kan ikkje bli bestemt ut i frå marknad og arbeidsplassar



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Gruvedrift gir enorme mengder avfall



Sjødeponi: Fortidas driftsform

- Kritisk for vårt felles hav og sjømaten vi skal leve av
- Store gruveland forbyr sjødeponi
- FN arbeider aktivt mot sjødeponi
- Verdas største gruveselskap, BHP Billiton og verdas største gullgruveselskap, Goldcorp: *Vi vil ikke bruke sjødeponi for å verne miljøet*
- Verdsbankens regelverk (2009):
«Grunne sjødeponi er uakseptabel industripaksis» (grense ca 400 m)
- Tyrkias krav til sjødeponi (er sterkt pressa for å slutte):
Området skal vera heilt utan oksygen og utan liv der dumpinga skjer

- Den norske mineralstrategien 2013: Sjødeponi er OK
- Norske deponi: 30 – 80 m djupe (i dei biologisk mest aktive områda)
- Deponia i Tyrkia, Indonesia og Papua New Guinea: 1000 – 4000 m djupe.



Nasjonale forbod mot sjødeponi

Land	Sjødeponi i dag?	Lovverket om sjødeponi
Australia	Nei	Forbod
Brasil	Nei	Forbod
Kina	Nei	Forbod
Russland	Nei	Forbod
USA	Nei	Forbod ^{x)}
Canada	Nei	Forbod ^{x)}
EU/ EØS	(Berre i Noreg)	Forbod ^{xx)}

^{x)} USA og Canada har så strengt lovverk mot forureining og utslepp i havet at «alle» reknar det som eit reelt forbod mot sjødeponi. Dei andre landa har eksplisitt forbod.

^{xx)} EU-s vassdirektiv har så strenge krav at sjødeponi i praksis er forbode.

Naturvernforbundet vil klage Noreg inn for ESA dersom det blir gjeve nye løyve, eller at det ikkje i 2015 blir vedteke å stanse eksisterande sjødeponi innan 2021 (forvaltingsplanane for vatn)



Norsk praksis i dag

Gruveselskapa får dumpe kjemikalieblanda gruveavfall i nærmeste fjord. Dette er ekstremt rimelegare enn andre løysingar. Berre 0,5% av verdas gruver har sjødeponi. Halvparten er i Noreg.


- 4 mill tonn / år i Bøkfjorden (Finnmark)
- 2 mill tonn/ år i Ranfjorden (Nordland)
- 0,3 mill tonn/år i Frænfjorden (Møre og Romsdal)
- 0,2 mill tonn/år i Stjernøysundet (Finnmark)
- 40.000 tonn/år i Bergsfjorden (Troms)
- 40.000 tonn/år i Tysfjord (Nordland)
- 6 mill tonn/ år, søkt dumpa i Førdefjorden (Sogn og fjordane)
- 2 mill tonn/ år, søkt dumpa i Repparfjord (Finnmark)

Skal Noreg vera ”annerledes-landet” som bruker svakare miljøkrav enn i andre land for å lokke til seg gruveselskap?



Nokre av problema med sjødeponi

- Fjordbotnen blir nedslamma og lagt daud i gruvas levetid og mange år etter
- Partiklane spreier seg nesten alltid lengre enn planlagd, og påverkar fjord og kyst langt utover
- Spreiing av prosesskjemikaliar og tungmetall
- Nanopartiklar i gruveslammet kan gje giftverknad
- Spreiing av radioaktive stoff
- Sjølv små konsentrasjonar av partiklar kan gje sterk negativ påverknad i gyteområde
- Vanskeleg/umogleg å rette opp dersom noko går galt med eit sjødeponi
- Verdfulle restmassar går tapt for alltid



Havforskningsinstituttet modellerte partikelvandring frå Reparfjord og ut i havet (50 meters djup)



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Partikkelinnhald i vatn

Virkninger av:	Parametre:	Tilstandsklasser				
		I "Meget god"	II "God"	III "mindre god"	IV "Dårlig"	V "Meget dårlig"
Partikler	Turbiditet, FTU Susp. stoff, mg/L	<0,5 <1,5	0,5 - 1 1,5 - 3	1 - 2 3 - 5	2 - 5 5 - 10	>5 >10

Frå Miljødirektoratets rettleiarar av 1997. Gjeld i hovudsak fortsatt.

Hittil lite omtalt verknad frå partiklar

Internasjonal forsking viser at partiklar festar seg til fiskeegg, får dei til å sørke, og øydelegg gytinga

2 – 3 mg/L kan vera akseptabelt (klasse II)

Fleire land har dette som grenseverdi.

Kva skal Noreg praktisere?


- Miljødirektoratet har akseptert 20 mg/L (FTU = 10) utafor sjødeponiet i Frænfjorden
- NIVA og Sintef har foreslått å akseptere eit partikkelinnhald på 50 mg/L i Førdefjorden, utan reaksjon frå Miljødirektoratet



Verdskartet for dumping av gruveavfall i havet ca 1980



Verdskartet for dumping av gruveavfall i havet 2015



Norske utslepp:
Bøkfjorden
Fraenfjorden
Stjernøysundet
Ranfjorden
Tysfjorden
Bergsfjorden (Senja)
(Førdefjorden)
(Repparfjord)



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Kvifor har så mange land sluttat med å dumpa gruveavfall?

Svaret er eit langvarig og sterkt internasjonalt engasjement i
forsvar av vårt felles hav som er så sterkt truga av alle typar
forureining og påverknad

Gruveavfall kjem i tillegg til all anna påverknad på havet



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Press på Verdsbanken i 2004

Krav om at Verdsbanken skulle trekke seg ut av gruver med sjødeponi:

- ”Alle” miljøorganisasjonar
- Fredsprisvinnarar med Desmond Tutu i spissen
- EU-parlamentet
- Felles brev frå politikarar, parti og land over heile verda:

PSOE i Spania, SPD i Tyskland, Democratic party i USA, Liberal Party og New democratic party i Kanada, grøne i Europa og i EU-parlamentet, PSE – (sosialistar og demokratar) i EU-parlamentet, PT (regjeringspartiet) i Brasil, Movimiento al Socialismo (regjeringspartiet) i Bolivia, sosialistpartiet i Belgia, mange parti i Italia, medrekna Forca Italia, Frente Amplio (regjeringskoalisjon) i Uruguay, sosialistane i Frankrike etc

http://www.edf.org/documents/3636_MPPetition_040204.pdf



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu



International Conference on Extractive Industries and Indigenous Peoples

Conferencia Internacional sobre pueblos indígenas e industrias extractivas

March 2

The Legend Villas, M

Internasjonal konferanse om gruvedrift og urfolk 2009

Manilla-erklæringa 25. mars 2009

Vi ber verdas land:

Å forby spesielt skadelege former for gruvedrift, som ...**bruk av sjødeponi, fjerning av fjelltoppar og storskala dagbrot**

Samefolket representert ved leiar av Svenske Samernas Riksförbund



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

FNs miljøkonferanse i Phnom Phen, september 2013

Representantar frå 23 land i Asia og Oceania med krav:

Forby sjødeponi av gruveavfall

Asia-Pacific Major Groups and Stakeholders Regional
Consultation Meeting, Phnom Penh, Cambodia
17 – 18 September 2013



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Fagforeiningar mot sjødeponi

Kritiserer i ein rapport at gruveselskap ikkje tek klår avstand frå sjødeponi

- **IndustryAll, Global Union**, internasjonal union av fagforeiningar med 50 mill medlemmar
 - Norske medlemmar: Fellesforbundet (metall og papir), NITO (industri) og Industri Energi
- **Construction, Forestry, Mining and Energy Union (CFMEU)**, med 120.000 medlemmar. Største fagforeining for dette området i Australia
- **United Steelworkers Canada**, med 225.000 medlemmar

More Shine than Substance. May 2013



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Internasjonalt opprop for Førdefjorden og Repparfjord – januar 2015

“Time to protect the Norwegian fjords and our common sea”

33 internasjonale organisasjonar med mange millionar medlemmar krev at regjeringa seier nei til å dumpe 300 mill tonn giftig avfall i Førdefjorden og 30 mill tonn i Repparfjord

Frå Russland, Island, Kviterussland, UK, Sverige, Tyskland, Sveits, USA, Canada, Bosnia, Bulgaria, Estland og Ukraina



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Londonkonvensjonen mot forureining av havet

- Strengt forbod mot all dumping på ope hav, også gruvemassar.
Regulerer norsk olje- og gassaktivitet på Nordsjøen
- Gjeld ikkje for dumping frå land
- 2008 - 2015: Londonkonvensjonen i samarbeid med FNs miljø-organisasjon UNEP for å stanse sjødeponi av gruveavfall
- Chile og Noreg har vore aktive for å hindre tiltak mot sjødeponi
- Sannsynleg med forslag om forbod/ streng regulering – korleis vil Noreg røyste då?



Naturvernforbundets syn

Vi er ikke mot gruvedrift, men stiller klåre miljøkrav til bransjen og styresmaktene, og med det utgangspunktet vil vi bidra i diskusjon og utvikling

Gruvedrift med sjødeponi er miljøkriminalitet

Det er stor aktivitet og mange planar for ny gruvedrift omkring i heile landet. Dette vil auke presset på landskap, verneverdige naturområde og raudlista arter og naturtypar.

Naturvernforbundet, samla til landsmøte på Hamar frå 26.-28. august 2011, krev difor at regjeringa seier nei til gruvedrift med sjødeponi.

Landsmøtevedtak 28.08.2011



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

”Usynlege” gruver utan avfall?

India 2008

“Zero waste mining”

Ressursøkonomisk og miljømessig nasjonal målsetting:

- **Gruver skal ikkje ha avfall**
- **Alt ein tek ut skal bli brukt og resten skal attende i gruva**

Tildeler gruvekonsesjon ut i frå kor langt selskapa går i retning av null avfall

EU 2013

“Invisible mine”

Underjordsdrift i staden for dagbrot for å redusere inngrep og oppnå sosial aksept for gruver

Anlegg for oppreiling og utvinning under jorda, kombinert med tilbakefylling. Gir redusert mengde masse til transport.

Pilotgruver i drift i 2020

STRATEGIC IMPLEMENTATION PLAN FOR THE EUROPEAN INNOVATION PARTNERSHIP ON RAW MATERIALS. Working document 27.03.2013



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Er gruvedrift utan avfall mogleg?



Gruvedrift må medføre plikt til bruk av overskotsmassen/
praktisere tilbakefylling. Ytre deponi bør bli forbode.



Alternativ bruk av gruvemassar: Tiltak i andre land i Europa

- Storbritannia med avgift på «nye» massar
 - Avgift på bruk av «jomfrueleg» grus, pukk og sand gjer det lønsamt å bruke overskotsmassar frå gruver
- Polen med avgift på «nye» massar
 - Kr 20/ tonn for grus
- Polen med deponiavgift for gruveavfall *)
 - 35 kr/ tonn for metallhaldig, vanskeleg masse
 - 24 kr/ tonn for ordinær overskotsmasse + gråberg

Det blir raskt interessant å bruke restmassar til fornuftige formål

*) *Overview of use of landfill taxes. 2012*



Anvendelse av overskuddsmasser - Muligheter

- Utnytte volum; byggeråstoff
 - Veianlegg, infrastruktur
 - Nytt landareal
 - Elveforbygginger
 - Tildekking av forurensede sedimenter
 - Betongtilslag
 - Kalkning og jordforbedring
- Nye produkter; Bygg/Byggkeramer
 - Betong-/betongprodukter (inkl, mørtel, avrettingsmasse)
 - Murstein, takstein
 - Fliser, gulv, vegg, ute, inne
 - Syntetisk skifer
 - Glass, skumglass (light aggregates)
 - Isolasjonsmateriale ("RockWool")
- Spesialprodukter og -anvendelser




Frå presentasjon på Geonor 2013: SINTEF Materialer og Kjemi
v/ Ove Paulsen
SINTEF Byggforsk
v/ Lisbeth Alnæs

Tilbakefylling av gruveavfall er rekna som beste miljøpraksis og blir brukt i alle typer gruver

Nokre metallgruver i Australia med tilbakefylling

Mine	Metals
Olympic Dam	Cu, Au, U
Mt Isa Copper	Cu
Enterprise	Cu
Kanowna Belle	Au
Bronzewing	Au
George Fisher	Zn, Ag, Pb
Cannington	Zn, Ag, Pb
Granites	Au
Osborne	Cu, Au
Golden Grove	Zn

Zhangmatun jerngruve i Kina med 100% tilbakefylling



Tilbakefylling i gruva under drift – ”gjenfyllingsbryting” (cut and fill)

- Ca 50% av det ein tek ut, kan bli fylt attende mens det er drift i gruva – dersom det er underjordsgruve
- Hindrar ikkje tilgang til resten av malmen
- Kan reduserer/ fjernar avrenning frå vanskeleg masse
- **Når kjem Noreg etter?**



Kva med landdeponi?



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Katastrofe med
landdeponi



*Dambrot:
Ungarn 2010*



1 mill m³ slam frå aluminaverk
10 mista livet



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Katastrofe med
landdeponi

*Dambrot:
Canada 2014*



4,5 mill tonn slam med nikkel,
arsenikk, bly og kopar ut i
inngrepsfrie naturområde.

Lenge varsle katastrofe. Miljøverndepartementet i British Columbia klaga i lang tid på overfylt dam, utan at noko skjedde



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Deponi utan dam



*Eitt av svara på katastrofane:
Fjerning av vatn og tørr lagring
(dry stacking).
Meir fleksibel bruk og lagring av
masse*

Fleire kopargruver bruker no "dry stacking"
Aluminaverk i Hellas og Frankrike har gått over til
alternativ bruk av massen og "dry stacking"

Avvatning og gjenbruk av vatn kostar meir enn å pumpe slammet
rett i ein dam eller ut i nærmeste fjord

Gruveselskapet må få "hjelp" til å velje det dyraste alternativet



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Nord – Canada om tida fram mot 2100

Problemstillinga:

- *Kva gjør vi med gruveavfallet i framtida?*

Svaret :

- *Ikkje dumping i sjø*
- *Tilbakefylling i gruvene*
- *Avvatning av massen og tørr lagring*

ENGINEERING CHALLENGES FOR TAILINGS MANAGEMENT FACILITIES AND ASSOCIATED INFRASTRUCTURE WITH REGARD TO CLIMATE CHANGE IN NUNAVUT. *Report no. L-11-1472 March 21, 2012, Gouvernement du Nunavut*



Naturvernforbundet
Luonddugáhttenlihttu

Grønare gruvedrift?

Tradisjonelt

- Storskala dagbrot med store avfallsmengder og sår i naturen
- Lite reell avfallsreduksjon
- Deponi av avgang med kjemikaliar i nærmeste fjord, eller store landdeponi
- Stort forbruk av vann
- Forelda reinseanlegg og store problem med avrenning fra gamle og nye gruver
- Svak rehabilitering i gruveområdet

Betre

1. Nytt nasjonalt mål med miljø- og ressurs-perspektiv:
*Gruver utan avfall - Alt ein tek ut skal bli brukt
Også framtidas generasjonar har behov for mineral og fungerande natur*
2. Konsekvent underjordsdrift i staden for dagbrot
3. Redusere/ fjerne deponibehovet med krav og tiltak:
 - a) Bruke overskotsmassar til vegbygging o.l.
 - b) Tilbakefylling i gruva av restmassar under drift
4. Forbod mot sjødeponi
5. FOU på reinseanlegg som fjerner forureining og tek vare på ressursane i vatnet fra gamle og nye gruver
6. Utvikle metodar for rehabilitering etter avslutta drift i aktuell klima- og vegetasjonssone før løyve til gruve
7. Seia nei til gruver med store miljøkonsekvensar

